

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**9. søndag i treeiningstida – 7. august 2022**

*Denne tekstgjennomgangen vart publisert første gong i 2013.*

*Preiketekst: Luk 6, 36-42*

*Lesetekst I: 1 Mos 4, 8-15*

*Lesetekst II: Rom 14, 10-13*

## Ikkje flisespikkeri, men bjelkeflytting

Ein student ved ein bibelskole kom bort til ein av lærarane. Han ville ha ein prat. I det siste, fortalde studenten, hadde han meir og meir begynt å tenkje på at Jesus hadde så liten plass i tankane og i livet hans. Dagane, også på bibelskolen, vart fort fylte opp av dei mange ting. Kven var det eigentleg som styrde livet hans?

Så var studenten heime hos foreldra ei tid etterpå, og ein dag tok dei han til sides. Dei hadde aldri vore av dei mest aktive på kristenfronten. Dei hadde langtfrå noko imot – verken at han ville vere ein kristen, eller at han gjekk på bibelskole. Men, meinte dei, det var vel ikkje nødvendig at Jesus tok så stor plass i livet hans?

Studenten fortalde dette til læraren, og det vart ein lang samtale på bibelskolen om kva det var å gi Jesus plass.

### Plass og preg i livet

Det spør om ikkje denne forteljinga kjem like inn til nerven i det Jesus vil seie oss i teksten i dag. Her handlar det nettopp om at Jesus vil ha plass og setje sitt preg på liva våre; korleis han vil at vi skal tenkje, tale og handle. Han vil snakke til oss om korleis vi skal vere lys og salt i denne verda – i praksis. Jesus vil vise disiplane sine – også av 2013-årgangen - at vi ikkje kan ture fram etter dei impulsar som rår i den syndige naturen vår. Han vil at hans sinnelag skal få (større) plass og råderom i våre liv. Kristenliv er ikkje å leve på sjølstyr. Kristenliv er å vekse opp til han som kjøpte oss fri med blodet sitt (1 Pet 18-19). Som apostelen seier (Fil 2, 3-5):

- Ha same sinnelaget og same kjærleiken, ver eitt i sjel og sinn.
- Gjer ikkje noko av sjølvhevdning eller lyst til tom ære...
- Ver audmjuke og set dei andre høgare enn dykk sjølve.
- Tenk ikkje berre på dykkar eige beste, men òg på det som er godt for dei andre.
- Lat det same sinnelaget vera i dykk som òg var i Kristus Jesus!

### Det Jesus ikkje vil seie

Så noko om kva Jesus ikkje vil seie med denne teksten. Han vil ikkje setje ein strek over rett og gale. Jesus er ofte sjølv hard i sine dommar over dei som forvrengrer eller set Guds ord til sides. Han var nidkjær for sanninga, og Jesu disiplar i dag er sjølve kalla til å halde fram det er rett etter Guds ord og bod, og kalle til oppgjer med Gud (Mat 18, 15-20).

Men Jesus pinast av sladder og dømmesjuke som sårar og krenkjer andre. Fasaden av dårleg skjult sjølvskryt, som ofte omgir oss, vil Jesus gjerne rive ned. Han vil vise oss at vi aller mest sjølve treng tilgjeving og ei ny haldning til våre medmenneske.

## **Bergpreika**

Dagens tekst er midt i Jesu bergpreike, ein tale han heldt for å ”innvie” dei nyvalde disiplane til å følgje han. Det er inga barnehage-forteljing dei får lytte til. I klartekst får dei høyre at dei er vonde (Mat 7,11). Og dei må høyre at han stiller knallharde krav til dei både om å elske fiendar, og om å vende det andre kinnnet til. Jesus vil altså lære dei ei lekse om ein ny måte å tenkje og oppføre seg på. Han vil lære dei ein ny måte å leve i denne verda på.

Som eit grunnlag for denne nye måten å tenkje og handle på, vil han skape ei erkjenning av synd i deira liv. Den som sjølv har erfart ”å vere ein syndar” og å få dei tilgitte, er ikkje så snar til å dømme andre, men meir innstilt på å tilgje. ”Sjå i nåde til meg, syndige menneske...”. Den som sjølv har lært å be den bøna, har lettare for å tilgje og ettergje andre.

I Bergpreika taler altså Jesus om korleis Guds barn skal leve i denne vonde verda, slik at dei vi lever saman med, kan sjå kven Far vår er, og at Far i himmelen er ein god Far!

Å leve som lys og salt i denne verda i praksis, er ei vanskeleg lekse å lære. Eit langt liv som Jesu disippel vil aldri gi ståkarakter etter Guds krav. Men våre medmenneske kan altså sense det himmelske sinnelaget. Det er nettopp om Guds barn i denne verda, om menneske som deg og meg, apostelen skriv i 2 Kor 3,2-3, at vi er Kristi brev, kjent og lese av alle menneske.

## **I dag gjeld det oss**

Dømmesjuke og negativt snakk om andre, er ikkje ein «epidemi» som er utrydda. I dag gjeld Bergpreika oss. - Tenk deg om, seier Jesus. Ver ikkje så sikker på at du tenkjer og dømmer heilt rettferdig. Når tankane dine og orda dine går gjennom Guds filter, då vil dei kanskje kome ut på andre sida både i ei mildare og ei meir oppmuntrande form.

Det er merkeleg med oss menneske, og det kjem vel av at vi enno må leve med vår syndeskadde natur. Det er ofte slik at vi så mykje lettare ser dei små feila og små flisene hos våre medmenneske, enn dei store feila og bjelkane hos oss sjølve.

I dag vil Jesus hjelpe oss til å sjå sant på oss sjølve, og han vil gi oss råd og impulsar til å gjere rette val på vår vandring langs livsens mangslungne veg.

Kva tenkte disiplane, jødar som dei alle var; og kva tenkte folk flest som hørde Jesu tale der oppe på fjellsletta? For nokre vart det ingen god fjelltur, og dei gjekk sikkert sinte og forarga heim att. Dei tolde ikkje Jesu nådelause avsløringar.

For andre vart det sikkert motsett. Tenk eg, som er slik eg er, med alle mine ”dommer og bjelker”, eg skal få følgje Jesus. Han treng eg verkeleg få vere saman med!

Mange opplever det som bibelskoleeleven. Jesus har så liten plass i livet mitt. Når apostelen ville hjelpe filipparane med sinnelaget, gjer han det med å forkynne om Jesus, han som tok ein tenars skapnad på seg, han som vart lydigg til døden, ja, døden på korset (Fil 2, 5-8).

Å sjå på Jesus Messias, og sjå det som skjer i Getsemane og på Golgata, det vil også hjelpe oss som lever i dag til å leve rett og godt mellom våre medmenneske. Denne haldninga og nærkontakten med Jesus er naudsynt om vi skal nå fram med den gode bodskapen, enten det er i nærmiljøemisjonen, jødemisjonen eller heidningemisjonen.

Det har å gjere med hjarteforholdet vårt til Jesus. La os derfor både denne søndagen og denne sommaren og elles også be med Blix:

*Herre Jesus, ta mitt hjerte,  
fyll det med din Hellig Ånd.  
La ei vellyst eller smerte  
rive det ut av din hånd  
Ta min vilje, Frelser kjære.  
Nå den er ei mere min.  
Bøy den til ditt kors å bære  
så den kan bli ett med din.*

**Kåre Ekroll**

Mange år tilsett i Norsk Luthersk Misjonssamband, mellom anna som redaktør. Nokre år pastor i Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja. No pensjonist.  
[kaare\\_ekroll@yahoo.no](mailto:kaare_ekroll@yahoo.no)